



UKM 01/17

Konstituering, statuttar og forretningsorden for UKM 2017

Ungdommens kyrkjemøte har både *statuttar* og *forretningsorden*. Ved å skilje mellom statuttar, som Kyrkjerådet har vedteke, og forretningsorden fastsett av UKM, er det Kyrkjerådet som vedtek dei grunnleggjande reglane og rammene for UKM, medan UKM sjølv har ansvar for praktisk gjennomføring av møtet.

Statuttar for UKM

1. Ungdommens kyrkjemøte arrangerast av sekretariatet i Kyrkjerådet. Utval for ungdomsspørsmål er med i førebuingar og gjennomføring av Ungdommens kyrkjemøte.
2. Ungdommens kyrkjemøte skal utføre sitt arbeid i lojalitet mot den evangelisk-lutherske læra.
3. Saker til Ungdommens kyrkjemøte må meldast til sekretariatet i Kyrkjerådet seinast 14 veker før møtet.
4. Ungdommens kyrkjemøte behandlar og uttalar seg i saker som angår Den norske kyrkje nasjonalt og internasjonalt. Ungdommens kyrkjemøte har rett til å melde saker til behandling på Kyrkjemøtet.
5. Ungdommens kyrkjemøte vel 4 representantar med tale- og forslagsrett til å delta på Kyrkjemøtet.
6. Delegater til Ungdommens kyrkjemøte:
 - 6.1. Ungdommens kyrkjemøte består av to utsendingar frå kvar av bispedømme i Den norske kyrkja, ein samisk utsending frå kvar av dei tre nordlegaste bispedømme, ein utsending frå Døvekyrkja i Oslo bispedømme, ein utsending frå kvar av dei organisasjonane som driv ungdomsarbeid knytt til Den norske kyrkja, medlemmer av Utval for ungdomsspørsmål og dei medlemmer av Bispedømmeråda, Kyrkjerådet, Samisk kyrkjeråd og Mellomkyrkjeleg råd, som er under 30 år. Dei fire representantane som vart valde til Kyrkjemøtet føregåande år vert inviterte til det påfølgjande UKM med møte-, tale-, forslag- og røysterett.
 - 6.2: Utsendingane frå bispedømme blir valde av og blant Ungdomsråda i bispedømme, som igjen må vere valde på Ungdomstinget i bispedømmet. Sekretariatet i Kyrkjerådet kan i særskilde tilfelle gi dispensasjon frå dette.
 - 6.3. Utsendingane frå organisasjonane blir nemnte opp av landsstyre til organisasjonen eller liknande. Sekretariatet i Kyrkjerådet kan i særskilde tilfelle gi dispensasjon frå dette.
7. Observatørar på Ungdommens kyrkjemøte:

Døvekyrkja og organisasjonane kan sende ein observatør i tillegg til delegaten. Denne har tale- og forslagsrett. Kostnadene for opphald vert dekt av sende-eininga. Feltprestkorpset inviterast til å sende ein observatør. Denne observatøren må være medlem av Den norske kyrkja.
8. Ungdommens kyrkjemøte vedtek sjølv nærmare reglar og forretningsorden for gjennomføringa av Ungdommens kyrkjemøte.



Forslag til forretningsorden for Ungdommens kyrkjemøte 2017

Plenumsarbeid

1. Ungdommens kyrkjemøte arbeider gjennom plenumssamlingar og komitear.
2. Møtet blir leidd av tre dirigentar. Dei treng ikkje vere blant delegatane. Møteleiinga har plikt til å leie forhandlingane i tråd med dei reglane som til kvar tid gjeld for Ungdommens kyrkjemøte og vanleg møteskikk.
3. Når møtet begynner, skal det veljast eit teljekorps og referentar som under møtet rettar seg etter tilvisingar frå møteleiinga.
4. Når møtet begynner, skal det veljast valkomité. Det veljast ein person frå Utval for Ungdomsspørsmål (Ufung) og to av delegatane.
5. Delegatene teiknar seg til innlegg ved handsopprekking. Det er høve til å ha inntil to korte replikkar og ein svarreplikk til kvart innlegg.
6. Møteleiinga skal, når det er påkravd, regulere taletid og høve til replikk. Når møteleiinga ønskjer å setje strek, skal ein kunne teikne seg under innlegget til den neste talaren.
7. Den som teiknar seg til forretningsordenen, dagsordenen, voteringsordenen eller for saksopplysning, skal få ordet like etter siste talar. Forslag om å avbryte ei sak, oppheve at strek er sett eller gå direkte til røysting, skal takast direkte opp til votering.
8. I saker der det skal gjerast vedtak, skal behandlinga i hovudsaka skje både i komitear og plenumssamlingar. Ei sak går først til behandling i ein komité, som diskuterer seg fram til ei felles fråsegn som skal leggjast fram for møtet i plenum. Ei sak kan behandlast fleire gonger i plenum eller komité. Dersom ein komité kjem med ei delt innstilling, skal innstillinga frå både fleirtalet og mindretalet leggjast fram for plenumssamlinga. Saker kan òg behandlast direkte i plenum.
9. Delegatene har frammøteplikt til alle komité- og plenumssamlingar. Fråvær skal godkjennast av komitéleiaren eller dirigentskapet etter skriftleg søknad.
10. Ungdommens kyrkjemøte kan gi gjester og andre inviterte talerett. Ein representant for Metodistkyrkjas Ungdomsforbund blir invitert til å delta på Ungdommens kyrkjemøte, også komitémøta, med møte- og talerett.

Komitéarbeid

11. Sekretariatet i kyrkjerådet set saman komiteane og nemner opp ein leiar for kvar komité. Leiaren har ansvar for å koordinere arbeidet i komiteen.
12. Kvar komité skal ha nødvendig sekretærhjelp.
13. Komiteen vel den arbeidsforma og organiseringa som ein finn mest tenleg, for eksempel skiping av underkomitear.
14. For at ein komité skal vere vedtaksfør, må 2/3 av medlemmene vere til stades.
15. Komiteen presenterer innstillinga si ved byrjinga av behandlinga av den saka komiteen har hatt til behandling. Dersom komiteen leverer ei delt innstilling, skal mindretalet også få presentere synet sitt. Fleirtalet og mindretalet skal ha like lang taletid.



Røystingar og val

16. Før ein går til votering, gjer møteleiinga greie for voteringsordenen. Møteleiinga avgjer voteringsordenen i samsvar med god møteskikk, slik at forslag blir tekne opp til votering i logisk rekkjefølgje.

17. Røysting skal gjennomførast ved at det blir vist røysteteikn eller ved skriftleg røysting. Det kan berre røystast ved personleg frammøte. Vedtak skal ha alminneleg fleirtal. Ved val er det møteleiinga som fastsett voteringsordenen.

Delegatar til Ungdommens kyrkjemøte har røysteplikt. UKM kan vedta å fråvike dette prinsippet i enkeltsaker. Delegatar frå organisasjonane kan avstå frå røysting der organisasjonen har fatta eit vedtak som gjer at røysting er vanskeleg.

18. Ungdommens kyrkjemøte sender fire representantar med tale- og forlagsrett til å delta på Kyrkjemøtet. Tre representantar blir valde av Ungdommens kyrkjemøte, og éin representant blir utnemnd av Utval for ungdomsspørsmål.

Anna

19. Sekretariatet i Kyrkjerådet får fullmakt til å rette skrivefeil og til å gjere redaksjonelle endringar i protokollen.

Vedtak:

- Forretningsordenen for UKM 2017 godkjende
- Innkalling og sakspapir er godkjende
- VAL:
 - UKM valde
 - Dirigentskap: Petter Rønneberg, Einar Østerhagen og Karen Helene Melhus
 - Valkomité: Anne Lise Brenna Ording, Kristin Skjøtskift og Andreas Aleksander Fosby
 - Teljekorps: Ungdomsrådgjeverar leia av Halvard Bjørkås og Anne Kirsti Kjenne
 - Referentar: Kristian Myhre og Odd Erik Stendahl